

Redusert redaksjon.

09.07.2015



Redaktør og mediapropell Ola Matti Mathisen

Både Grenda og Kvinnheringen har alt redusert aktiviteten grunna ferieavviklinga. No er turen også komen til uskedalen.no. Redaktøren har uttruleg nok bevilga seg 3 - 4 dagar ferie då han er ein tur til heimlege trakter ved svenskegrensa som leiar for ein Uskedals-delegasjon under dei tradisjonsrike Finnskogen-dagane.

Kjenner vi den aktive redaktøren og mediapropellen på 73 år rett, har han nok PC med på turen, og oppdagar han noko å skriva heim om, er han nok raskt på rastlaust leit etter internett-tilgang.

Med på turen er og ein ferierande kultursjef og god bidragytar i våre spalter så håpet er godt om at dei finn interessant stoff også for oss. Vi ønskjer delegasjonen til skogane i grenselandet god tur.

Underteikna vert nok også fråverande deler av helga, men alle som har tips eller liknande, må ta kontakt på thordossland@gmail.com eller telefon 932 88 237.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen